

# Vinappen

KART: ©435

**VINAPPEN ligg på eit lite bøgdedrag heilt vest på øya. Her er det eit fantastisk panorama mot havet. Området var opphavleg beiteland for kyr, men dette endra seg då tyskarane okkuperte øya. Like før andre verdenskrigen var det her ein liten peilestasjon, som vart brukt av det norske kystartilleriet i samband med øvingar på sjøen.**

Skytestilling på Hesthaugen.



Området ved Hesthaugen, like aust for Vinappen, har vore eit viktig område for lostenesta på Fedje.

Frå 1929 og fram til 1970 var det ein kyststasjon på sjølve Hesthaugen. På same plassen var det ei hytte for nøytralitetsvakter under første verdenskrigen. Kystvaktstasjonen var operativ med ei vaktgruppe på 6 mann, frå hausten 1939 til våren 1940. Då overtok tyskarane kommandoen over Fedje. Vaktgruppa hadde som oppgåve å rapportera skips-

trafikken ved Fedje. Utanom krigstida hadde 4 mann fast løn for å vera disponible i tilfelle unntakstilstand.

I 1992 vart det etablert eit anlegg for brannvern og røykdykking i Vinappen. Administrasjonsbygget er det gamle «Kvite hus», eit bygg som under krigen vart bruka til å husa to store generatorar. Det er Fedje sikkerhetssenter som står ansvarleg for dette anlegget. Dei driv med tryggleiksoplæring for sjøfolk, og har hovudbasen sin ved hamnebassenget. □

## FORSVARSANLEGGET PÅ FEDJE

Nokre veker etter at andre verdenskrigen starta, kom det ein båt med tyske soldatar og to kanonar som vart plasserte i Vinappen. Eit 40 m høgt radartårn vart reist der huset til los Martin Karlsen stod. Her fekk tyske fly hjelp til å finna vegen til Herdla flyplass på Askøy.

Forsvarsanlegget er avgrensa til nordre og



søre VINAPPEN og HESTHAUGEN. I tillegg var det eit mindre anlegg i Toskarhaugen.

I Vinappen og Hesthaugen hadde ein kontroll over sjøvegen frå nord og sør, og området var avgrensa med gjerde og minefelt. Einaste tilgjenget var gjennom den bevakta porten. Det vart utferda passersetel til dei som hadde beiteområda sine innanfor gjerdet. Inne på området heldt kystartilleriet og luftvåpenet til. Avdelingane hadde kvar sine anlegg; offiserane hadde felles offiserbrakke. På det meste var om lag 400 tyskarar stasjonerte på Fedje.

Det er framleis mange krigsminne att frå forsvarsanlegget på Fedje. Det vart bygt losstasjon på tuftene til radartårnet, og matbrakka i Hesthaugen vert no nytta som ungdomshus i regi av bygdelaget.

## FEDJELOSEN

Den som kjende sjøvegen og kunne føra skip trygt frå stad til stad, vert i sagaen kalla for leiðsogumaðr; han som kan fortelja om leia. I MAGNUS LAGABØTE si landslov frå 1274 seiast det at leiðsogumannen skulle ha ei mark sølv for å føra eit leidangsskip frå Nidaros til Bergen. Losane, som risikerte eige liv for andre, er ei av dei mest omtala og omtykte yrkesgruppene i Noreg.

Fastare organisering av losvesenet fekk vi ikkje i Noreg før tidleg på 1700-talet. Då vart landet delt i to losdistrikt, det sønden- og nordenfjeldske. Skiljet gjekk ved Åna Sira i Rogaland. Kvart losdistrikt vart styrt av ein overlos, med losoldermenn som hadde ansvaret for «offentleg godkjenning» i form av patent som kongeleg los.

Den harde og farlege tevlinga losane imellom om først å kapra seg eit skip for å få prisepengane, førte til at mange tok store riskar og gjekk ut i altfor dårleg vør. Langs kysten finst mange soger om enkjer og farlause som sat att etter losar som fann si grav i bølgiene. På 1800-talet tok losane meir og meir i bruk dekte losfartøy, noko som i stor grad auka tryggleiken.

Under første verdenskrigen, då handelsskipa gjekk i konvoi, var Fedje eit viktig knutepunkt i trafikken. Hesthaugen vart eit sentralt område for lostenesta. Losane bygde hus på haugen og sat heime og heldt utkikk etter skip, med god hjelp frå kone og born.

Etter andre verdenskrigen vart det tilsett to losgutar som gjekk daglege vakter på Hesthaugen.

I 1953 vart det sett opp ei loshytte på tuftene av radartårnet som tyskarane bygde, og i 1956 vart det kjøpt inn ei loskøyte. I 1970 vart det bygt ny stor losstasjon på same staden. I samband med den store tanktrafikken til oljeterminalane på MONGSTAD og STURA vart den nye trafikksentralen for Vestlandet bygd på Fedje. Sentralen, som står på same staden som dei to føregåande byggverka, vart opna 1. september 1992. Sentralen med losstasjonen har om lag 40 tilsette.

Losbåt på Fedje.

